




Vest-Telemark
PPT IKS

BEKYMNING KRING BARNES LÆRING OG UTVIKLING

Samarbeid og rutinar
mellom barnehage og PP-teneste

Dette heftet kan lastast ned frå:
[http://vest-telemark.no/Aktoer/
Vest-Telemark-PPT-IKS/Tilmelding-til-PPT](http://vest-telemark.no/Aktoer/Vest-Telemark-PPT-IKS/Tilmelding-til-PPT)



KONTAKT BARNEHAGE-PPT FØR TILVISING

Rutinar i kommunen/barnehagen

- Barnehagen skal fylgje kommunens egne rutinar for vurdering og kartlegging av barns utvikling og læring.

Bekymring for eit barns læring og utvikling

- Barnehagen tek kontakt med foreldra og drøfter situasjonen. Heim og barnehage gjer avtale om kva som bør gjerast og tidfestar eit tilbakemeldingsmøte der evt. tiltak og resultat blir vurdert. Det kan vere behov for samarbeid med andre instansar, t.d. helsestasjon, fastlege, fysioterapeut, familievern eller barnevernssamarbeidet. Syn og høyrsel bør undersøkast.

VIKTIGE PUNKT

- | | |
|------------------------|--------------------------|
| Samarbeid med foreldre | <input type="checkbox"/> |
| Sjekk syn og hørsel | <input type="checkbox"/> |

Analyse av situasjonen og vurdering av tiltak og framgangsmåte

- Dersom bekymringa vedvarer bør saka drøftast med PPT i FSB møte. Det er nødvendig med systematiske observasjonar og analyse av barnet sine utfordringar og av læringsmiljøet i barnehagen. Det vil vere tenleg å bruke den systemteoretiske modellen for pedagogisk analyse.

Iverksetting av pedagogiske tiltak og aktivitetar

- På bakgrunn av analysen vurderer barnehagen konkrete tiltak etter fylgjande framgangsmåte:
 - Kva for tiltak må barnehagen setje i verk for å imøtekomme barnets behov?
 - Kva for systemretta hjelp frå PPT har barnehagen behov for slik at dei nødvendige tiltak kan bli gjennomførde (retteiing/kurs/opplæring)?
 - Tiltaka kan vere retta mot læringsmiljøet og dei generelle pedagogiske aktivitetane og/eller vere meir direkte retta mot det einskilde barnet.
- Etter å ha prøvd ut tiltak over ein periode, evaluerer barnehagen om gjennomføring og tiltak er gjort som planlagt og effekten av tiltaka. PPT kan hjelpe barnehagen med evalueringa, som kan ende opp i tre moglege utfall:
 - Ekstra støtte utan sakkunnig vurdering
 - Vidareutvikle ordinær pedagogisk praksis
 - Tilvising til PPT / Sakkunnig vurdering

TILVISING TIL PP-TENESTA

Dersom tiltaka ikkje har tilfredsstillande effekt er det aktuelt med ei tilvising til PPT.

- Barnehagen fyller ut tilvisingsskjema og pedagogisk rapport. Legg ved kopi av kartlegging og evaluering som er gjort.
- Tilvisingsskjema og mal for pedagogisk rapport ligg på PPT si heimeside www.vesttelemarkppt.no

FØR TILVISING TIL PPT

- | | |
|---|--------------------------|
| Foreldre er involverte | <input type="checkbox"/> |
| Syn og hørsel er sjekka i løpet av dei to siste åra | <input type="checkbox"/> |
| Saka er drøfta i FSB | <input type="checkbox"/> |

Referansar:

- Opplæringslova §§ 5-7 og 5-4
- Rettleiar for spesialpedagogisk hjelp
- Prinsipper og prosedyrer for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning – Telemark fylke
- Rutinar for tilvising av saker til FSB
- Om analysemodellen: <http://laringsmiljosenteret.uis.no/barnehage/organisasjonsutvikling-i-barnehagen/kompetanseutvikling-og-samarbeid-i-barnehagen-article81010-12616.html>